



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
17/57071-2

Dykkar referanse:
17/346 - 17/11255

Vår dato:
15.05.2017

Uttale til dispensasjon frå kommuneplanen 2011–2023 – Gnr. 142 bnr. 18 – Kvamme Øvre – Lindås kommune

Vi viser til søknad om dispensasjon frå LNF-føremål, oversendt til uttale frå Lindås kommune. Saka gjeld oppføring av bustad på eigedom gnr. 142 bnr. 18, fråskilt i 2003. Eigedomen ligg i uregulert område.

Eigedomen har tilkomst frå fv. 404 Skarsvegen via kommunal veg Erstadvegen og privat tilkomstveg. Det er difor Lindås kommune som skal vurdere avkøyrsløyve.

Kryss mellom Erstadvegen og fv. 404 Skarsvegen er ikkje opparbeidd i samsvar med gjeldande reguleringsplan for Stølshaugane. I den reguleringsplanen er det satt rekkjefølgjekrav om ferdig opparbeidd veg og fortau før det vert gitt bruksløyve til nye bustader i planområdet. Kommunen må vurdere om dette kravet òg skal gjelde for andre nye bustader i området, som nytter same kryss.

Utover ovannemnde har ikkje Statens vegvesen vesentlege merknader til kommunens vurdering av saka.

Vi ber om å få kommunens vedtak oversendt for klagevurdering.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

